

Hild Lilian Rygnestad



Fødd
5 februar 1971



August 1977 - Juni 1983
Valle Barneskule



August 1983 - Juni 1986
Valle Ungdomsskule

August 1986 - Juni 1989: Hornnes, Norge

Hild gjekk naturfaglinja på Hornnes Gymnas i tre år. Alle tre åra budde ho på internatet på Hornnes.



August 1989 - Juni 1990: Oslo, Norge

Hild arbeidde eitt år som stuepike på Hotel Continental om dagen medan ho las sosial økonomi på Bjørknes Privatskole om kvelden. Ho budde saman med Adelheid i Konvallveien mellom Sognsvann og Ullevål.



August 1990 - Juni 1991: Grimstad, Norge

Hild tok første året på Norges Landbrukshøgskole i Grimstad. Landbruks og hagebruks faga las ho på Dømmesmoen medan dei andre faga inkludert matematikk og økonomi vart underviste på Agder Ingeniør- og Distriktshøgskole. Ho budde på Løvås II studentheim i Grimstad.

August 1991 - Desember 1993: Ås, Norge

Hild tok Cand. Mag. grad i økonomi på Norges Landbrukshøgskole i Ås. Hovudsakeleg tok ho kurs i økonomi, matematikk og statistikk. Andre fag inkluderte databehandling, kjemi, geologi, og rettlære. I alle tre åra budde ho hjå familien Gravir i Landåsveien bak Pentagon studentby.



Januar 1994 - August 1998: Perth, Australia



Hild brukte første året til å ta ei Postgraduate Diploma i landbruk på University of Western Australia hovudsakeleg med å skrive ei oppgåve om brakkleggingspolitikken i den Europeiske Union (EU). Ho måtte ta fleire kurs på universitetet blant anna økonomi, ressursforvaltning, landbrukspolitikk, og meir statistikk. Opplaget ligg på same nivå som ei hovudoppgåve i Norge.

Så vart det bryllaup 24 juni 1995 i Valle Kyrkje og på Bykle Gjestegard...



Deretter fekk Hild eit australsk statleg stipend for å ta doktorgrada. Opplaget liknar på det engelske systemet der ein ikkje tek kurs men skriv ei avhandling basert på eit forskningsprosjekt. For avhandlinga si fortsette Hild arbeidet med å studere brakkleggingspolitikken i EU. Hild underviste også grunnfagsstudentar i landbrukspolitikk og -økonomi. Heile tida budde ho med Rob i Mill Point Road i South Perth.



September 1998 – Mars 2001: København, Danmark.

Hild fekk jobb som forskar på Statenst Jordbruks og Fiskeriøkonomiske Institut i København etter ferdig doktorgrad i Perth. Arbeidsområdet hennar konsentrera seg om landbrukspolitik og miljø særleg i Danmark men også i EU generelt. Ho budde i Jernbanegade på Vesterport rett ved sidan av Tivoli i København. Samtidig budde Rob forsatt i Perth, Australia.




April 2001 – November 2005: Ithaca, New York, USA.

Etter at Rob fekk jobb på Cornell University i Ithaca i Mars 2001 følgde Hild etter. Etter kort tid fekk ho eit korttidsoppdrag i same kontoret som Rob jobba i der ho skulle hjelpe med noko database og webside utvikling. Temaet var opphavsrettigheter innan landbrukssektoren og spesielt i utviklingsland.

I mars 2002 starta Hild "the Rygnestad Group" saman med Ann Kristin. Som sjølvstendige konsulentar fokuserer dei på prosjektkontroll og økonomiske analyser for gruveindustrien. Det vart litt reising på oppdrag men mesteparten av tida arbeidde ho heimanifrå. Innimellom tek Hild også oppdrag for Verdensbanken der ho gjennomfører porteføljeanalyser over gamle og nye prosjekt i Verdensbankens regi verda over. Alt arbeidet utfører ho heimanifrå eller i Washington DC.



Først budde Hild og Rob saman i ei leige-leilegheit på North Triphammer Road og så kjøpte dei eit hus tett på i eit andelslag.



December 2005 – no: Ottawa, Ontario, Canada.

Rob fekk så jobb i AGBIOS og då flytta Hild og han saman til Ottawa. Hild fortset no å arbeide med Ann Kristin sjølv om dei no har kvart sitt kompani - Ann Kristin har Rygnestad Group og Hild har Rygnestad Canada. Første året leigde Rob og Hild ei leilegheit i York Street i sentrum av Ottawa. Så kjøpte dei ei splitter ny leilegheit nokre få kvartal vekk i George Street - fortsatt i sentrum.